



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Regionråd og
kommunar i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		44779/2016/	Ingunn Bekken Sjøholm, 71 25 82 86	17.06.2016

Informasjon om regionreforma

Fylkestinget i Møre og Romsdal gjorde den 11.04.2016 vedtak om å starte arbeidet med regionreforma med følgande framdriftsplan:

- Fylkesutval 23. mai - sak om kva fylke det skal innleiast nabosamtalar med, samt mandat og val av forhandlingsutval.
- Juni – September/oktober: Nabosamtalar med relevante fylker/aktørar
- Fylkesutval juni – skisse til opplegg for dialog med relevante aktørar i Møre og Romsdal om regionreforma.
- August – november: dialog med kommunar, regionråd, NHO, LO, næringsforeiningar, frivillig sektor, akademia mm. om regionreforma. Hensikta med dialogen er både å få inn synspunkt frå aktørane på kva dei meiner er beste løysinga for Møre og Romsdal samt belyse spørsmål som er aktuelle å utgreie i saka.
- Fylkesutval november – sak om ny regionstruktur.
- Fylkestinget i desember - sak om ny regionstruktur.

I sitt møte 24.04.2016 oppnemnde fylkesutvalet følgande forhandlingsutval:

- Fylkesordførar - leiar
- Fylkesvaraordførar
- Representant frå opposisjonen: Charles Tøsse (H)
- Fylkesrådmann (sekretær)

Forhandlingsutvalet fekk følgande mandat:

Avklare premissar og føresetnader for nabosamtalar med:

- Sogn og Fjordane
- Sør- og Nord-Trøndelag
- Oppland

Debatten i fylkesutvalet viste at «forhandlingsutvalet» ikkje har mandat til å forhandle for delar av fylket eller om ei deling av fylket.

Det er per i dag gjort avtale om innleiande nabosamtale med Sogn og Fjordane. Det er også sendt invitasjon til slike samtalar med Sør- og Nord-Trøndelag samt Oppland.

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer ein god dialog med kommunane i arbeidet med regionreforma. Av praktiske årsaker ønsker vi at denne dialogen i størst mogleg grad skjer gjennom regionråda.

Alle kommunane i fylket vil få høve til å uttale seg om regionspørsmålet før endeleg sak til fylkestinget i desember. Det same gjeld for NHO, LO, næringsforeiningar, frivillig sektor, academia m.fl.. Høyringsdokumenta vil bli sendt ut når vi har oversikt over kva alternativ som er realistiske, og kva dei eventuelle intensjonsavtalane inneber.

Vi er kjent med at enkeltkommunar/regionråd vurderer eigne utgreiingar som ser på regionspørsmålet med ei anna geografisk inndeling enn heile Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune bidreg sjølvstendig med faktaopplysningar til slike utgreiingar om det er ønskeleg. Vi inviterer og til dialog om eventuelle utgreiingar, med mål om å samordne tema og struktur. Bakgrunnen for dette er at vi trur at det samla kunnskapsgrunnlaget blir betre, og lettare kan vurderast i samanheng, med ei slik samordning.

Vi vil presisere at administrasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje har ønske om, eller mandat til å delta direkte i utgreiingar som medfører ei deling av dagens fylke. Slike utgreiingar vil likevel vere ein del av det samla kunnskapsgrunnlaget fylkestinget vil legge til grunn når fylkesrådmannen skal levere si endelege innstilling mot slutten av året. Vi ber derfor om å bli haldne orientert om arbeidet med slike utgreiingar så langt det let seg gjere.

Møre og Romsdal fylkeskommune orienterer gjerne kommunar/regionråd om vårt arbeid med regionreforma så langt vi har kapasitet til det.

Det er i stortingsmelding gitt lite føringar om kva som skal leggjast til grunn for fylkeskommunane si innstilling, men fylkesrådmannen ser i grove trekk for seg å utgreie følgjande tema:

Funksjonelle regionar:

- Bu-, teneste- og arbeidsmarknadsregionar
- Funksjonelle regionar innafor høgare utdanning og forskning.
- Funksjonelle regionar på fritid, kultur, helse, frivillige organisasjonar osv..
- Regional samhandling/felles interesser innafor fylkeskommunen sine ansvarsområde.
- Organisering av og samarbeid med regional stat.
- Statlege arbeidsplassar.

Tenestområde: korleis samhandlar vi i dag, og korleis vil nye regioninndeling påverke:

- Samferdsel
- Kultur
- Utdanning
- Tannhelse (avhengig av om endeleg vedtak overføring til primærkommunane).
- Næringsliv og næringsutvikling.
- By- og tettstadutvikling.
- Økonomisk handlingsrom

Nye oppgåver til nye regionar:

- Krev nye oppgåver endringar i regioninndeling for vår del?
- Korleis samhandlar regionane i dag på dei «nye» områda?

Maktpolitiske spørsmål:

- Kva politisk innflytelse vil «vi» få i ulike regioninndelingar? Korleis vil interessene til heile/deler av Møre og Romsdal bli ivaretatt i ulike regioninndelingar? Kva for «interessekonfliktar» ser vi i dei ulike alternativa? Kor stor nasjonal innflytelse vil alternative regionar få?

Her er vurderinga at denne delen av utgreiinga bør gjerast av eit eksternt miljø utan direkte knytingar til den aktuelle regionen. Enkeltkommunar/regionråd kan, om dei ønskjer nytte same eksterne miljø som fylkeskommunen til dette. Ei slik «tilleggsbestilling» må i tilfelle gjerast direkte til utredar, men kan inngå i kontraktsgrunnlaget. Vi må i ha tilbakemelding på dette før 1. august.

Oversikta her er ikkje utfyllande, men ei førebels skisse til korleis fylkesrådmannen ser for seg å legge opp utgreiinga.

Dersom det er spørsmål til prosessen, eller ein ønsker orientering om den, kontakt:

Fylkesplansjef Ole Helge Haugen	71 25 82 80	996 28 055
Ass. fylkesplansjef Ingunn Bekken Sjøholm	71 25 82 86	907 46 923

Med helsing

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Ingunn Bekken Sjøholm
assisterande fylkesplansjef

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt ut i papir.